

Vurdering av innspel til handlingsprogram anlegg regional plan 2016 – 2019

Kommune	Innspel	Vurdering LP = Langtidsprogram for tildeling etter 2020, HP= Handlingsprogram 2018/2019
Askvoll	3	Askvoll-hallen, rehabilitering for utbygging av heis, er prioritert i 2018, men Askvoll kommune ber om at denne vert utsett til 2019 ettersom det ikkje er kapasitet i kommunen til å planlegge. Kunstgrasbana til Atløy IL er ferdig og vert framskunda frå 2019 til 2018 i HP. Bulandet symjehall vert ferdigstilt i 2018 og fylkesrådmannen prioriterer for tildeling etter femte års søknad i HP i 2018.
Aurland	1	Aurland kommune har berre spelt inn rehabilitering av bassenget i Aurland idretts- og samfunnshus og denne vert vidareført som tidlegare med prioritering i HP i 2019.
Balestrand	2	Rehabilitering av kunstgrasbana på Kreklingen stadion vert prioritert i 2018 og fylkesrådmannen har funne rom for å prioritere rehabilitering av elektroniske skiver i Balehalli i HP i 2019.
Bremanger	1	Etablering av kunstgras på Bremanger stadion er løfta fram frå LP til HP 2019, etter to år i langtidsprogrammet.
Eid	19	På Eid går det føre seg stor anleggsutbygging på fleire område. Harpefossen har siste åra vore prioriterte med fleire anlegg, der vi i 2017 framskunda tildeling frå 2018 til nedfart. Vi prioriterer rulleskianlegget i HP 2018 på Harpefossen ettersom dette er ferdig om kort tid. I 2017 framskunda vi frå 2018 skifte av kunstgrasdekket på Eid idrettspark. Fylkesrådmannen har valt å løfte fram frå LP til HP 2019 den ferdige Nordfjordeid – hallen og vi prioriterer rehabilitering av utforløype i HP i 2018. Det går føre seg diskusjonar i idrettsmiljøet om korleis Eid stadion, rehabilitering av Eid idrettshus med både symjehall og idrettshall skal utviklast og bygging av fotballhall. Det er ikkje rom for å tildele meir midlar til Eid no. I heile fylket er det sårt tiltrengte midlar til rehabilitering og etablering av hallar og dette vert prioritert framom fleire ski-anlegg i Harpefossen.
Fjaler	7	Som så mange andre kommunar, planlegg også Fjaler å rehabilitere hallen. Dette har vorte gjort stykkevis og det er uheldig. Ved å prioritere dei i HP 2019, signalisere fylkesrådmannen at de må gjennomføre ei samla rehabilitering der også ny-etableringar som meir lager, sosialt rom, aktivitetssal og skytebane vert etablert. Fotballhallen har for mange uavklarte forhold for å kunne prioriterast og det er ikkje rom for å prioritere Våge stadion i HP.
Flora	9	I Flora vert det planlagt både ny idrettshall ved Flora barneskule, rehabilitering av Florahallen og ny storhall for fotball til vel 120 millionar. I tillegg er Eikefjordhallen ferdig utbygd, men sjølv om anleggsrekneskapan ikkje er revidert, vert denne prioritert med første tildeling i HP i 2019. Fylkesrådmannen ynskjer å stimulere til rehabilitering av anlegg og prioriterer Florahallen i HP i 2019. Det manglar avklaring på ein del viktige spørsmål, deriblant finansiering av storhallen og denne er derfor plassert i LP. Slik fylkesrådmannen ser det, kan prioriteringa slik den ligg føre no, skape rom for å kunne utløyse meir midlar til søknader til anlegg styrt av kommunal plan i Flora kommune.
Førde	7	Rehabilitering av go-cart bana i Kråkenesmarka har søkt i tre år, er eigd av frivillig sektor, og er prioritert i HP 2018. Det er diskusjonar om hall – utvikling i Førde og inntil dette er avklart, er det ikkje funne rom for fleire tildelingar enn dette. Slik fylkesrådmannen ser det, kan ei slik tildeling, skape rom for å kunne utløyse meir midlar til søknader til anlegg styrt av kommunal plan i Førde kommune.
Gaular	3	Gaular har siste åra fått tildelt 9 mill. kr. i tilskot til Sande-hallen og 1,820 mill. kr. til rulleskibane på Langeland. Fylkesrådmannen prioriterer ferdige anlegg med

		revidert anleggsrekneskap og derfor er både squash, klatrevegg og rehabilitering av symjehall prioritert i HP 2018.
Gloppen	9	Det har siste åra blitt utvikla og såleis blitt gitt spelemidlar til mange anlegg i Gloppen, deriblant anlegga i Trivselshagen. Fleire av desse er inne i siste fase av tildeling og fleire kunstgrasbaner har også fått tildeling siste åra. Det er fleire av innspela som har uavklarte forhold som finansiering og grunneigarforhold og derfor er blant anna rehabilitering med tilrettelegging for universell utforming i Firdahallen, rulleskianlegg på Kleivane skisenter og etablering av kunstgras på Sandane stadion plasserte i LP. Rehabilitering av taket på Firdahallen er siste av fleire utbetringar og er prioritert i HP i 2018.
Gulen	2	Ettersom det framleis er uavklart plassering og omfang av bassengsituasjon i Gulen, er dette innspelet plassert i LP. Bassenget er opprinneleg prioritert i HP i 2019, men uklar situasjon gjer at fylkesrådmannen tilrår å flytte dette til LP. Etablering av hall på Dalsøyra er enno mangelfullt planlagt og vert derfor plassert i LP.
Hornindal	0	Ingen innspel å vurdere frå Hornindal.
Hyllestad	2	Hyllestad – hallen er ikkje endeleg politisk vedteken, men ettersom denne har vore prioritert ved førre rullering, har fylkesrådmannen valt å la denne stå for prioritering i HP 2019. Det er uavklart i kommunen om det er økonomi til å bygge tilleggselement som sosialt rom, treningsrom, biljardhall, og dette er derfor plassert i LP.
Høyanger	4	Det viser seg at Sletta stadion i Høyanger må ta att deler av rehabilitering av kunstgrasbana. Denne fekk tildeling i 2014 og sender inn gjenteken søknad i 2018 og vert prioritert i HP 2018. Det er planar om både rehabilitering av Høyanger-hallen og utbygging av ny hall. Fylkesrådmannen ynskjer å unngå stykkevis tildeling og prioriterer derfor denne med første tildeling i HP i 2019. Ny hall vert plassert i LP av omsyn til betre tid for planlegging og betre tid for å finne rom for investering.
Jølster	5	Utvikling av barnegolf – anlegget som del av hovudanlegget til Sunnfjord Golfklubb vert prioritert som opprinneleg i HP i 2018. I Jølster kommune er det no vedteke å bygge både fotballhall på Skei og idrettshall på Vassenden. Fylkesrådmannen prioriterer idrettshall på Vassenden for tildeling i HP i 2019. Jølster IL Alpin skal arrangere Junior – NM i slalåm i 2019 og vert derfor prioritert med tildeling til rehabilitering av Kvamsbakken i HP i 2019. I 2017 fekk leirduebane ved Jølster skyttarstadion tildeling i regional plan. I ettertid viser det seg at anlegget må flyttast, om-prosjekterast og i møte mellom fylkeskommunen, Jølster kommune og Jølster skyttarlag er det bestemt å inndra dette tilskotet. Leirduebane vert prioritert i HP i 2019 og dei faktiske utgiftene er klarare for utbyggjar.
Leikanger	0	Ingen innspel å vurdere frå Leikanger.
Luster	8	Luster har siste åra hatt stor utbygging med Lustrabadet og naturleg nok derfor vore inne i ein periode med store tildelingar over fleire år. Vi er inne i siste fase av desse tildelingane. Utviklinga av Gaupne idrettspark ved anleggseigar IL Bjørn har tatt tid, men har kome betydeleg nærare i både planlegging og finansiering av idrettspark til mellom 18 og 20 millionar. Der skal også leggest nytt friidrettsdekke på stadion. Dette anlegget er ikkje styrt av regional plan, men kunstgrasdelen, lys og undervarme for 11 ar bane er prioritert i HP i 2018. Motorsportgruppa i IL Bjørn sine anlegg med trail og knattcross vert flytta fram frå HP 2019 til tildeling i HP 2018. Vidare utviklinga av motorsport-anlegget er plasserte i LP. Både hoppanlegg og rulleskibane på Sogn skisenter er plasserte i LP ettersom reguleringsarbeidet ikkje er ferdigstilt. Fylkesrådmannen ynskjer å

		stimulere til rehabilitering av anlegg og prioriterer Gaupne idrettshall i HP i 2019.
Lærdal	1	Det er berre spelt inn nytt skyteanlegg i Lødalen og dette anlegget har for mange uavklarte forhold for at dette kan prioriterast og er plassert i LP.
Naustdal	4	Det har siste åra vorte både bygd ut og søkt spelemidlar til utviding av Naustdalshallen. Anlegga er ferdige, kjem med revidert anleggsrekneskap om kort tid og fylkesrådmannen prioriterer desse i HP i 2018.
Selje	2	Ettersom verken rehabilitering av symjehallen i Selje eller hallen på Flatraket er prioritert i økonomiplanen i kommunen, finn ikkje fylkesrådmannen rom for å prioritere desse og dei vert plasserte i LP.
Sogndal	16	Sogndal har i fleire år hatt befolkningsauke i tillegg til eit stort aktivt idretts og friluftsliv – interessert studentmiljø. Dette påverkar behovet for anlegg. Sogndal Fotball med sine krav for toppidrett og behov for areal til breiddeidrett ført til utvikling av ulike anlegg både for etablering og rehabilitering. Fylkesrådmannen prioriterer siste utbetaling til kunstgraset på Fosshaugane som er ferdigstilt, samt etablering av kunstgrasanlegget på Kvåle, og nedfartane i Sogndal skisenter i HP 2018. Desse er eigd av frivillig sektor. Det er ikkje funne rom for verken fleirbrukshall, basishall for turn, speed-vegg for konkurranse-klattring, kursvegg, utviding av treningsareal i Idrettsenteret eller buldrehall. Sogndal idrettshall og symjehall, eigd av fylkeskommunen er prioriterte i HP i 2018 og 2019.
Solund	1	Kunstgrasbana på Hardbakke er ferdig, ferdigstiller rekneskapen for revisjon om kort tid og fylkesrådmannen prioriterer denne i HP i 2018.
Stryn	20	Det går føre seg stor utvikling av idrettsanlegg i Stryn, både innandørs anlegg og utandørs-anlegg for både sommar og vinter – idrett. I løpet av få år har talet søknader auka betydeleg. Fylkesrådmannen prioriterer kunstgrasbana til Stryn Turn og Idrettslag i HP i 2019. Det same gjeld etablering av basishall med hoppegrop og fylkesrådmannen ynskjer å stimulere til rehabilitering av anlegg og vel å prioritere Strynehallen ved å flytte denne frå LP til HP i 2018. Stryn Vinterski er søkjegodkjende i ordninga, men i følgje tekstdelen i regional plan vert ikkje dette ski-anlegget prioritert for spelemidlar i dagens plan. Det er framleis noko uavklart om finansiering av Arena Stryn og derfor er det berre basishall med hoppegrop som er prioritert i HP i 2019. I tillegg er det funne rom i HP 2019 for ny 100 meter skytebane utandørs i Olden og etablering av motor-cross ved Svarstad i Stryn.
Vik	1	Rehabilitering av Blixhalli i Vik er viktig for blant anna å sikre universell utforming av anlegget, men fylkesrådmannen prioriterer ikkje ettersom Vik kommune har sett av midlar i økonomiplanen før i 2020 og vert derfor plassert i LP.
Vågsøy	5	Utvikling av konkurransebasenget på Tennebø i Vågsøy har fleire uavklarte forhold og det vert flytta frå HP 2019 til LP. Idrettshallen ved Vågsøy ungdomsskule er om kort tid ferdig utbygd og fylkesrådmannen prioriterer denne i HP i 2019. Det same vert basishall for turn ved Nordfjordhallen. Fylket treng utvikling av fleire slike anlegg for å betre vilkår for turnsporten i fylket og signaliserer visjonen; <i>fysisk aktivitet for alle</i> . Fylkesrådmannen prioriterer også buldrerrommet i Nordfjordhallen i HP i 2019.
Årdal	3	Ridehallen er eigd av frivillig sektor, vert flytta fram frå dagens LP, til prioritet i HP 2018. Det er uavklarte forhold rundt etablering av både basishall for turn og omlegging frå naturgras til kunstgras på Jotun stadion. Fylkesrådmannen prioriterer derfor berre rehabilitering av ridehall.
	134	